



Arkivnr: 2014/15084-2

Saksbehandlar: Arild Sondre Sekse

Saksframlegg

Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Fylkesutvalet		
Fylkestinget		

Årsmelding 2013 Hordaland fylkeskommune

Samandrag

Årsmeldinga gir oversyn over den fylkeskommunale aktiviteten og rekneskapen til Hordaland fylkeskommune for 2013.

Rekneskapen for 2013 kom ut med eit overskot på 130,3 millionar kroner. God skatteinngang og god økonomistyring er viktigaste faktorane bak resultatet.

Forslag til innstilling

Fylkestinget tek «Årsmelding 2013 Hordaland fylkeskommune» til orientering.

Johnny Stiansen
konst. fylkesrådmann

Ingrid Kristine Holm Svendsen
fylkesdirektør organisasjon

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.

Fylkesrådmannen, 21.05.2014

Årsmeldinga for 2013 gir eit samla økonomisk oversyn og nærmare omtale av aktivitetar og økonomisk resultat for kvar sektor.

Driftsrekneskapen for 2013 kom ut med eit rekordoverskot på 130,3 millionar kroner. God skatteinngang og god økonomistyring er viktigaste faktorane bak resultatet. Også investeringane var rekordhøge, i overkant av 3 milliardar kroner. Lågt rentenivå gjer at det likevel ikkje var nemnande vekst i renteutgiftene dette året.

Auken har for ein stor del si årsak i endra momsreglar for veginvesteringar. Momskompensasjon frå investeringar er i 2013 ført i driftsrekneskapen. Frå 2014 vert dette lagt om, slik at momskompensasjon frå investeringar skal førast direkte i investeringsrekneskapen. Momskompensasjon frå investeringar utgjorde 367,1 mill. kr i 2013. Om ein held denne summen utanfor, vert netto driftsresultat 2,1 %.

Førerels tal for landet viser auke i netto driftsresultat frå 5,2 % til 6,0 %. Hordaland fylkeskommune har dermed plassert seg litt over landsgjennomsnittet i 2013. I perioden 2007 til 2012 har Hordaland hatt lågare netto driftsresultat enn landsgjennomsnittet. Dei to sektorane som hadde størst prosentvis vekst i brutto driftsutgifter var kultur (13,0%) og tannhelse (9,9%). Veksten innan tannhelsetenesta har si årsak i drift av Tannhelsetenesta Kompetansesenter Vest, som starta hausten 2012. Regional utvikling syner nedgang i brutto driftsutgifter. Hovudforklaringa på dette er først og fremst at fylkeskommunen i 2012 var ferdig med utbetalingane av tilskot til Hardangerbrua.

Det har vore jamt over god økonomistyring i Hordaland fylkeskommune. Dei fleste einingar hadde balanse eller små innsparinger. Ikke minst har dei vidaregåande skulane kome betre ut enn forventa i 2013. Dette gjer at opplæringssektoren samla viser ei innsparing på 18,9 millionar kroner. Samferdselssektoren, som har hatt store budsjettoverskridinger på kollektivtrafikken dei siste åra, er også nær balanse i drifta for 2013. Netto renteutgifter viste innsparing på 15,4 millionar kroner på grunn av lågare rentenivå enn føresett i budsjettet.

Det vart investert for 3 095,5 millionar kroner i eigedomar og utstyr i 2013. Investeringane i samferdselssektoren utgjorde 82,2 % av totalen. Investeringar i vegar var på 1 411,5 millionar kroner. Dei største prosjekta var Ringveg Vest, byggetrinn 2 (428,7 mnok) og tunnel bak Tysse (216,2 mnok). Til bybanen gjekk det med totalt 1 049,8 millionar kroner.

Investeringane innan opplæringssektoren var på 443 millionar kroner. Største prosjekta var bygging av Amalie Skram vidaregåande skole med eit forbruk på 220,6 millionar kroner tilbygg / rehabilitering ved Årstad vidaregåande skole med 100,4 millionar kroner.

Bompengar (1,3 milliardar kroner) og lån (1,0 milliard kroner) var viktigaste finansieringskjeldene for investeringane i 2013.

For andre resultat og omtale av viktige aktivitetar i Hordaland fylkeskommune viser ein til den fullstendige årsmeldinga som er vedlagt denne saka.